



# Plan for trafikksikker skule

## - Selje skule

### *Innholdsliste*

Innleiing.....	2
Retningslinjer for trygg skuleveg når elevane skal .....	2
Sykle til skulen .....	2
Gå til skulen.....	2
Sitje på i buss til skulen.....	2
Hente/levere.....	2
Retningslinjer for turar .....	3
Til fots .....	3
På sykkel.....	3
Med buss.....	4
Med privatbil .....	4
Stadar skulen ofte reiser til – risikoanalyse.....	4
Kompetansemål .....	5
Plan for tema foreldremøter .....	5

## Innleiing

Opplæringslova §9a-2 seier at det skal takast omsyn til tryggleiken til elevane. Skulen skal ha reglar som gjeld når dei skal ferdast ute i trafikken. Selje skule har 131 elevar frå 1.-10 klasse og 30 tilsette. Mange elevar går til skulen, nokre vert køyrt privat og ein del reiser med skulebuss. Nokre av elevane går langs bilveg, utan gangveg til skulen. Vegen forbi skulen er 50-sone, med fotgjengarovergang på to plassar. Reinhold, vedlikehald og oppgraderinga for heile skuleområdet er underlagt driftsavdelinga i Stad kommune.

## Retningslinjer for trygg skuleveg når elevane skal

### Sykle til skulen

- Føresette syter føre at elevane har god opplæring i trafikktryggleik, før elevane skal sykle til/frå skulen.
- Vi skal jobbe for fast sykkelparkering på skulen.
- Alle skal bruke hjelm og refleksvest.
- Det skal vere lys på sykkelen framme og bak.
- Gå over fotgjengarovergang, ikkje sykle.

### Gå til skulen

- Oppmode elevane til å bruke refleksvest og refleks på ryggsekk.
- Nytte overgangsfelt og gangveg så langt det let seg gjere.
- Opplæring både på skulen og heime:
  - Sjå seg godt føre før dei kryssar vegen. Gå på rett side av vegen.

### Sitje på i buss til skulen

- Elevane skal vere rolege på busshaldeplassen.
- Oppmode om å bruke refleks.
- Vere rolege om bord i bussen og bruke sikkerheitsbelte.
- Skulen sine ordensreglar gjeld også på skulevegen.

### Hente/levere

- Hente og levere elevane ved hovudinngangen mellom skulen og kunstgrasbana.
- Vere på plass i god tid før det ringjer ut/inn.
- Nytte fotgjengarovergang og gangveg.

## Retningslinjer for turar

Kontaktlærer / ansvarlege for opplegget:

Gå evt. gjennom tidligare vurderingar av tilsvarande aktivitet før planlegging og organisering av opplegget. Gje informasjon til heimane dersom det er lengre turar.

- Avklar kven som er ansvarlege for dei ulike klassane.
- Minimum ein vaksen skal ha med fyrstehjelpsutstyr.
- Elevliste med telefonnummer til føresette og mobiltelefon skal vere med på turen.
- Ha oversikt over tal elevar. Tel opp undervegs.
- Ha oversikt over kvar elevane skal etter at dei er komne att frå tur. (SFO? Leksehjelp? Buss?)
- Det er ikkje fastsett nokon eksakt elevtal pr. vaksen når vi er ute på tur. Det er situasjonsavhengig og stadsbasert.
- Ha alltid avtale med ein vaksen på skulen om at dei kan komme etter med bil, dersom det skulle vere behov for hjelp.

### Til fots

- Ved turar til forts må ein alltid vurdere tal vaksne i forhold til gruppestorleik og alder på elevane.
- Når vi går på tur skal vi alltid gå samla, og ingen skal gå åleine i forvegen eller langt etter.
- Dei vaksne er tydelege med kva som vert forventa av elevane når vi er ute og går.
- Gjennomgang av trafikkreglar før tur.
- På tur langs bilveg – refleksvest skal nyttast.

### På sykkel

- På tur langs bilveg – refleksvest skal nyttast både av elevar og vaksne.
- Når det er to vaksne med på tur, skal det alltid vere ein vaksen fremst og ein bakerst. Her er det viktig at begge har mobiltelefon og kan varsle om det skulle oppstå en situasjon.
- Ein skal alltid ha med førstehjelpsutstyr. Det kan være lurt å ha med sykkelpumpe, smøreolje og sykkelverktøy.
- Alle skal ha sykkelhjelm og sykklar skal kontrollerast slik at dei er i forskriftsmessig stand.
- Elevar som ikkje har sykkel i forskriftsmessig stand, eller ikkje vil bruke sykkelhjelm, kan ikkje delta på tur.

## Med buss

- Informer elevane om korleis dei skal oppføre seg på haldeplassen og om bord i bussen.
- Ha full oversikt over avreisetidspunkt, reisemål og tidspunkt for retur.
- Pass på at elevane sit i ro i setene og brukar sikkerheitsbelte under heile turen.
- Dei vaksne kan bestemme kvar elevane skal sitje.
- Dei vaksne plasserer seg i bussen slik at dei kan følgje med elevane, og gripe inn ved avvikande åtferd.
- Hjelp elevane / sjåføren med lasting / lossing av bagasje.
- Skulen kan nytte seg av både ordinær rutebuss og av leigd buss.
- Kapasiteten til bussen skal ikkje overstigast (overlass).
- Alle skal bruke bilbelte. Dei vaksne skal sjekke dette.

## Med privatbil

Skulen nyttar i liten grad privatbilar ved turar. Om dette er nødvendig, er lærar ansvarleg for at:

- Skulen har samtykke frå føresette.
- Bilen er EU-godkjent.
- Sjåfør er skikka til å køyre elevar.
- Alle passasjerar er forskriftsmessig sikra og at ein følgjer vegtrafikklova.

## Stadar skulen ofte reiser til – risikoanalyse

Tur til: Lilleblink, Gruffaloscogen, Nøtteskogen, Osen, Sanden, Risnakken		
Uønska hending	Årsak	Korleis hindre uønska hending?
Trafikkuhell	Smal veg, utan fortau. Elevar som ikkje følgjer reglane.	Ekstra vaksne. Gå gjennom rutiner for tur før ein går. Klare grenser/reglar - konsekvensar ved brot.

Tur til: Nova		
Uønska hending	Årsak	Korleis hindre uønska hending?
Trafikkuhell	Smal og uoversikteleg veg.	Vi må unngå denne strekninga! Gå gangvegen gjennom byggjefeltet.

## Kompetansemål

Klassetrinn	Fag	Kompetansemål
Etter 2. trinn	Kroppsøving	Øve på trygg ferdsel i trafikken
Etter 4. trinn	Kroppsøving	Forstå og følge reglar i trafikken
Eter 10. trinn	Kroppsøving	Vurdere risiko og tryggleik ved ulike uteaktivitetar, forstå og gjennomføre sporlaus og trygg ferdsel.

## Plan for tema foreldremøter

På alle foreldremøter på hausten, skal planen for trafikktryggleik vere tema.

1.-10.trinn	<ul style="list-style-type: none"><li>• Orienterer om skulens trafiksikkerhetsarbeid, rutinar for turar i skulens regi</li><li>• Fokus på trafikkforholda rundt skulen</li><li>• Bruk av refleks</li><li>• Bringing og henting.</li><li>• Køyning i/ på skulens område.</li><li>• Kvar skal elevar settast av?</li><li>• Gjennomgå skulens reglement i forhold til sykkel</li><li>• Krav om hjelm</li><li>• Sykkel i forskriftsmessig stand</li></ul>
-------------	---

## Nyttige ressursar

<https://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/kriterier/for-skolene/>

Trafikkfilmar frå Trygg Trafikks heimeside/Youtube

Trafikkboka frå Trygg Trafikk

<https://www.naturfag.no/tema/vis.html?tid=1998930>

[www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no)

[www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

[Krav til lys og refleks på sykkel](#)